

AVGJERD nr. 176

2002/EØS/03/171

av 24. juni 1999

om refusjon frå den kompetente institusjonen i ein medlemsstat av utgifter som har kome på under eit opphald i ein annan medlemsstat, etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 34 nr. 4 i forordning (EØF) nr. 574/72 (96/249/EF) (*)

(2000/582/EF)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN TIL DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA FOR TRYGD FOR VANDREARBEIDARAR HAR –

med tilvising til artikkel 81 bokstav a) i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 av 14. juni 1971 om anvendelse av trygdeordninger på arbeidstakere og deres familier som flytter innenfor Fellesskapet⁽¹⁾, der han vert pålagt å handsame alle administrative spørsmål som melder seg i samband med forordning (EØF) nr. 1408/71 og forordning (EØF) nr. 574/72,

med tilvising artikkel 34 nr. 4 i forordning (EØF) nr. 574/72 og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Den kompetente institusjonen skal setje i verk den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 34 nr. 4 i forordning (EØF) nr. 574/72.
- 2) Denne framgangsmåten er ei administrativ forenkling og fremjer snøgg refusjon til gagn for den trygda.
- 3) Difor bør det gjevast betre høve til å nytte framgangsmåten ved å heve den høgstegrensa som er fastsett i avgjerd nr. 161 av 15. februar 1996, og følgjeleg må avgjerda bytast ut.
- 4) Denne avgjerda er teken på dei vilkåra som er fastsette i artikkel 80 nr. 3 i forordning (EØF) nr. 1408/71 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

1. Føresegnene i artikkel 34 nr. 4 i forordning (EØF) nr. 574/72 skal nyttast berre når dei samla utgiftene som har kome på under det mellombels opphaldet, er lågare enn eller lik ein sum som kvar medlemsstat fastset, og som ikkje må overstige 1 000 EUR.
2. Når dei føresegnene som er nemnde i nr. 1, vert nytta, skal dei utgiftene som har kome på, reknast om etter den omrekningskursen som gjeld den månaden refusjonen finn stad.
3. Avgjerd nr. 161 vert bytt ut med denne avgjerda, som tek til å gjelde første dagen i månaden etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Arno BOKELOH

President for Den administrative kommisjone

(*) Denne fællesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 243 av 28.9.2000, s. 42, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 43/2001 av 30. mars 2001 om endring av vedlegg VI til EØS-avtala (Trygd), sjå EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fællesskapa nr. 30 av 14.6.2001, s. 38.

(1) TEF L 149 av 5.7.1971, s. 2.